



Harris Advokatfirma AS  
Postboks 41 15 Sandviken  
5835 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/464 - 22/92140

Saksbehandlar:  
Madeleine Fonnes Aase  
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:  
02.12.2022

## Orientering om status i sak - gbnr 40/2 Hodneland

**Tiltak:** mogleg ulovlege tilhøve  
**Byggjestad:** Gbnr: 40/2 Hodneland

### Saka gjeld

Kommunen har i behandlinga av ei byggesak på Hodneland vorte merksam på at vegar i vågen er mogleg ulovlege. I den forbindelse har kommunen motteke ulik dokumentasjon frå ulike partar som skal vise at vegane er lovleg etablerte frå tidlegare. Mellom anna er det sendt inn dokumentasjon frå jordskifte i år 1959 på det som vert omtala som «veg nr. 10». Denne vegen går frå det som i dag er kommunal veg og ned til vågen med nausta. I tillegg er det sendt inn dokumentasjon på det som vert omtalt som «hyttevegen». Denne vegen går vidare nord frå veg nr. 10. Begge vegane ligg på gbnr. 40/2 Hodneland.

Ut i frå det ein kan sjå på flyfoto har veg nr. 10 vorte forlenga på eit seinare tidspunkt slik at den går vidare til nausta på gbnr. 40/96 og 100.

### Vurdering av saka


Kommunen har gått igjennom mottatt dokumentasjon og gjort ei vurdering i saka. Vi har samanlikna godkjente tiltak på eigedommen med dei faktiske tilhøva på staden og finn at utført arbeid ikkje er heilt i samsvar med det som er godkjent i løyve, eller etablert så tidlig at det ikkje var trong for løyve.

### Veg nr. 10


Ut i frå innsendt dokumentasjon frå jordskifte i år 1959 går veg nr. 10 frå det som i dag er kommunal veg og ned til vågen til naust ved gbnr. 40/8. Innsendt dokumentasjon er tilstrekkeleg til at kommunen finn at denne vegen er lovleg etablert.

### Hyttevegen

Innsendt dokumentasjon viser at det er gjeven munnleg tilsagn til at ein kunne gå i gong med å byggje vegen fram til 5 hytter i området. Erklæringen seier og at vegen er bygd i samsvar med skjøte og karts-kisse fram til hyttene.



Utklipp frå innsendt dokumentasjon i forbindelse med jordskifte i 1959.



Flyfoto frå 1965 og 1979.

På bakgrunn av ovannemnde legg kommunen til grunn at veg nr. 10 og hyttevegen er lovleg etablerte vegar.

Kommunen finn ikkje noko dokumentasjon på vegen som er vidareført frå veg nr. 10. Ein finn ikkje at vegen er etablert før søknadspått eller at den er søkt om i ettertid. Ut i frå kartfoto ser ein at vegen ikkje var der på bilete i 1979, og at den først har dukka opp på bilete frå 2003. Kommunen legg til grunn at vegen er etablert mellom desse tidspunkta og at vegen difor er ulovleg etablert. Kommunen har pått til å følgje opp ulovlege tilhøve, men kan med mindre alvorlege tilhøve avstå frå å forfølgje, jf. Pbl. § 32-1 2. ledd.

Kommunen ser at det ikkje er eit stort inngrep i terrenget sidan det allereie er ein veg der frå før som går parallelt på nesten heile vegen. I tillegg er vegen bak nausta og vil difor ikkje vere ruvande i terrenget frå sjøen. Området er allereie privatisert i den grad det er vegar og naust der forlenginga av vegen går. Som ein ser på flyfoto frå 2003 følg vegen hyttevegen heilt til den tar ein liten avstikkar ned til nausta, og oppleves difor som eit mindre alvorleg tilhøve etter ei samla konkret vurdering.



Flyfoto frå 2003 der ein ser den etablerte vegen bak nausta.

### **Kva skjer vidare**

Vi vurderer tilhøva på staden slik det går fram per dags dato som mindre alvorleg og vil difor avstå frå å forfølge, jf. Pbl. § 32-1 2. ledd.

Oppfølging av det ulovlege tilfellet er avslutta frå kommunen si side.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Harris Advokatfirma AS  
Jorunn Hodneland  
Kjell Rune Melingen

Postboks 4115 Sandviken 5835 BERGEN  
DOLVIKHAUGENE 88 5252 SØREIDGREND